



# Tvisteløysingsnemnda

Vedtaksdato  
13. mai 2020

Vår referanse  
2020/27

Saksbehandlar  
Mona Ekelund

## VEDTAK NR 72/20 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

**Tvisteløysingsnemnda heldt møte tysdag 12. mai 2020.**

Ved behandlinga av saka var Tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

### **Faste medlemmar**

Anne Marie Due, leder  
Tore Trygve Dahlstrøm, Unio  
Marianne Pedersen, Virke

### **Saka gjeld**

Tvist om fortrinnsrett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

### **Arbeidstakar**

A

### **Arbeidsgivar**

B kommune

## Nemnda vedtok:

### Saksforhold

A er fast tilsett som vernepleiar i stilling på 85 prosent i B kommune, avdeling for psykisk helse, psykiatritenesta, heimebasert oppfølging.

Den 5. desember 2019 lyste kommunen ut ei ledig stilling på 100 prosent som miljøterapeut i døgnturnus innan psykisk helse- og rusomsorg ved X bufellesskap. A søkte stillinga og fremma krav om fortrinnsrett.

Arbeidsgivar av slo kravet i e-post av 31. januar 2020. Avslaget blei grunngitt med at stillinga ikkje inneheld dei same arbeidsoppgåver som hennar noverande stilling.

Kommunen valde å tilsette to eksterne søkjarar i to heiltidsstillingar i bufellesskapet.

Saka blei brakt inn for Tvisteløysingsnemnda ved e-post av 29. januar 2020. Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

Nemnda har fått desse dokumenta frå arbeidstakaren:

- e-post av 29. januar 2020 med vedlegg
- brev datosett 13. februar 2020
- e-post av 5. mars 2020

Nemnda har fått desse dokumenta frå arbeidsgivaren:

- brev datosett 18. februar 2020
- brev datosett 13. mars 2020

### Utsegn frå arbeidstakar

A hevdar i hovudsak at ho har fortrinnsrett til den omtvista stillinga, og fører i det vesentlege fram at arbeidsoppgåvene og brukarane er dei same i dei to stillingane. Ho arbeidar dessutan turnus allereie, med ei seinvakt per veke.

### Utsegn frå arbeidsgivar

B kommune hevdar i hovudsak at A ikkje kan få medhald i sitt krav, og fører i det vesentlege fram at den omtvista stillinga ikkje har om lag same arbeidsoppgåver som hennar nåverande stilling, sjølv om ho er kvalifisert. Stillinga har døgnturnus og skil seg med omsyn til arbeidstid, arbeidskvardag og oppgåver.

Subsidiært gjerast gjeldande at A ikkje er personleg egna for stillinga, ho manglar motivasjon og har tidlegare søkt seg bort. Dessutan hadde andre søkjarar meir og breiare erfaring. I døgnturnusstillinga er det særleg viktig med stabilitet av omsyn til brukarane og A har vist manglande stabilitet i sitt arbeidsforhold.

### Merknadar frå Tvisteløysingsnemnda

Tvist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om fortrinnsrett for deltidstilsette kan bringast inn for Tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (1) og § 14-3 (4). Etter forskrift om

tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljølova § 2 vert nemnda satt med leiar og to faste medlemmar.

Arbeidsmiljøloven § 14-3 (1) fastset at deltidstilsette har fortrinnsrett til utvida stilling framfor at arbeidsgivar gjer ei ny tilsetting i verksemda. Fortrinnsretten er avhengig av at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av fortrinnsretten ikkje vil medføre vesentlege ulemper for verksemda, jf. § 14-3 (2). Ved vurderinga av om arbeidstakar er kvalifisert kan det etter forarbeida tas omsyn til både faglege og personlege føresetnader.

Det presiserast i forarbeida (Innst. O. nr. 100 for 2004-2005 pkt. 17.2) at fortrinnsrett etter § 14-3 gjeld stillingar med om lag dei same arbeidsoppgåver som den deltidstilsette allereie utførar i si noverande stilling. Dette er også lagt til grunn i nemndas praksis.

Arbeidsgivar meiner A er formelt kvalifisert. Usemja i denne saka gjeld kor vidt den omtvista stillinga kan seiast å vere ei utviding av A si noverande stilling.

Nemnda har kome til at A ikkje kan få medhald i sitt krav fordi stillingane ikkje har om lag same arbeidsoppgåver.

A er fast tilsett som vernepleiar i heimebaserte tenester og har søkt på ei stilling som miljøterapeut i døgnturnus i eit bufellesskap. Nemnda finn at A si stilling er så ulik den omtvista stillinga, at den ikkje kan reknast som ei utviding av hennar noverande stilling. I si vurdering har nemnda lagt vekt på at oppfølginga av brukarane har ulik karakter og innhald i dei to stillingane, sjølv om begge stillingane er i avdeling psykisk helse i kommune. Nemnda viser til at A gjennomfører støttesamtalar med ein til ein og oppfølging av brukarane i heimen deira, mens den utlyste stillinga inneber kontinuerleg oppfølging i 48-72 timar i strekk i eit bufellesskap for bebuarar med meir komplekse hjelpebehov og lågare funksjonsnivå.

Etter dette er det ikkje naudsynt for nemnda å ta stilling til om dei andre vilkåra for fortrinnsrett er oppfylt.

## **Konklusjon**

Arbeidstakar gis ikkje medhald.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due  
Leiar

13. mai 2020

**Til orientering**

Tvistar som nemnt i §§ 8-3, 10-13, 12-14, 14-3 og 14-4 a kan bringast inn for domstolane etter at Tvisteløysingsnemnda sitt vedtak føreligg, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (2).

Konklusjonen til nemnda står ved lag medan saka er til behandling i domstolane. Dersom dette vil verke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsette ei anna, mellombels ordning.

Frist for å bringe tvisten inn for domstolane er åtte veker frå det tidspunktet parten blei underretta om avgjerda til nemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (3).

Blir det ikkje reist søksmål innan fristen, har vedtaket verknad som ein rettskraftig dom, og det kan fullbyrdast etter reglane som gjeld for dommar, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (4).